



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Meld. St. 14

(2013–2014)

Melding til Stortinget

Tilbaketrekking av Prop. 194 S (2012–2013) Utbygging og finansiering av E134 på strekninga Seljord – Åmot i kommunane Seljord, Kviteseid, Tokke og Vinje i Telemark

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet 29. november 2013,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Innleiing og bakgrunn

Departementet viser til Prop. 194 S (2012–2013) Utbygging og finansiering av E134 på strekninga Seljord – Åmot i kommunane Seljord, Kviteseid, Tokke og Vinje i Telemark, handsama i statsråd 20. september 2013 og Prop. 1 S Tillegg 1 (2013–2014).

Utbygginga gjeld fire delstrekningar på E134 mellom Seljord og Åmot. Nesten heile strekninga mellom Seljord og Åmot vil få gul midtstripe og jamn og god standard etter utbetringa, noko som vil bidra til betre framkomst og trafikktryggleik. Samla kostnad for dei fire delstrekningane er rekna til 315 mill. 2013-kr. Det framgår av Prop. 194 S (2012–2013) at prosjektet er tenkt finansiert med 284 mill. kr i bompengar og 31 mill. kr i statlege midlar. Det er føresett førebuande arbeid i 2014, anleggsstart i 2015 og ferdigstilling i 2018.

2 Samferdselsdepartementet si vurdering og tilråding

Regjeringa legg opp til å redusere bompengedelen i nye prosjekt. Reduksjonen omfattar i hovudsak ikkje bypakker og ferjeavløysingsprosjekt. Regjeringa legg vidare opp til at små vegprosjekt som ikkje er knytt til eksisterande vegpakker, og som har ein uforholdsmessig høg innkrevjingskostnad, som hovudregel ikkje skal ha bompengefinansiering. På denne bakgrunn har Regjeringa i Prop. 1 S Tillegg 1 (2013–2014) lagt opp til at prosjektet E134 Seljord – Åmot vert finansiert med statlege midlar fullt ut. Det er foreslått ei løyving til prosjektet på 35 mill. kr i 2014.

Regjeringa har såleis vedteke å trekke tilbake Prop. 134 S (2012–2013) Utbygging og finansiering av E134 på strekninga Seljord – Åmot i kommunane Seljord, Kviteseid, Tokke og Vinje i Telemark.

Samferdselsdepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Samferdselsdepartementet 29. november 2013 om tilbaketrekking av Prop. 194 S (2012–2013) Utbygging og finansiering av E134 på strekninga Seljord – Åmot i kommunane Seljord, Kviteseid, Tokke og Vinje i Telemark blir send Stortinget.

=====